

Møte for lukkede dører, Stortinget 24. juni 1935

Møte for lukkede dører i Stortinget
den 24. juni 1935 kl. 10.

President: Hambro.

Dagsorden:

1. Utenriksminister Koht vil avg i en utenrikspolitisk redegjørelse.
2. Innstilling fra utenriks- og konstitusjonskomiteen angående stats- og utenriksminister Joh. Ludw. Mowinckels redegjørelse for utenrikske forhold (Innst. S. R.). Innstilling fra utenriks- og konstitusjonskomiteen om noteveksling mellom Norge og Frankrike av 3 april 1935 angående handelsforbindelsen mellom de to land (Innst. S. P.).
3. Innstilling fra utenriks- og konstitusjonskomiteen om bemyndigelse for regjeringen til å anbringe for voldgiftsrett spørsmålet om billighetserstatning til det amerikanske firma George R. Jones Co. (Innst. S. Q.). Innstilling fra den forsterkede utenriks- og konstitusjonskomite angående grunnlinjer for optrekning av sjøgrensen (Innst. S. B.).
4. Innstilling fra vei- og jernbanekomiteen om visse spørsmål i forbindelse med jernbaneplanen for strekningen Mosjøen-Mo av Nordlandsbanen (Innst. S. O.). Innstilling fra finans- og tollkomiteen om tollavgifter fra 1 juli 1935 (Budgett-innst. S. nr. 161.).

Presidenten: Representantene Thorolf Mowinckel og Seip, som har vært permittert, har etter tatt sete.

I henhold til forretningsordenen vil presidenten foreslå møtet satt for lukkede dører og foreslår enn videre at de i forretningsordenens § 54 nevnte funksjonærer gis adgang til møtet.

Votering:

Presidentens forslag bifaltes enstemmig.

Presidenten: Presidenten vil videre foreslå at utenriksråd Esmarch og ekspedisjonschef Smith gis adgang til møtet.

Votering:

Presidentens forslag bifaltes enstemmig.

Sak nr. 1.

Utenriksminister Koht vil gi en utenrikspolitisk redegjørelse.

Statsråd Koht: Eg vilde gjerne, før Stortinget skils i år, legge fram her opplysningar om dei viktigaste spørsmåla som vi nett no arbeider med i Utariksdepartementet i handelspolitikken vår.

Aller først må eg da nemna ei sak som vi - eg hadde nær sagt ikkje arbeider med, enda vi har eit serskilt pålegg om det frå Stortinget. Det gjeld tilhøvet vårt til Portugal. Vi fekk, som

presidenten veit, den 4 september i fjar ei serskild tilleggsavtale med Portugal om handelen mellom dei to landa - ei avtale som det har vore mykje strid om, for ho er ikkje so tenleg for Noreg som vi gjerne vilde ynskt ho. Avtala vart likevel godkjent av Stortinget mot berre 1 røyst 26 februar i år. Men Stortinget vedtok samstundes å be Regjeringa om å ta opp nye forhandlingar med Portugal om to serskilde punkt: pris- forskrifta for den norske kleppfiskens og plikt-innførsla for portugisisk heitvin. Stortinget ynskte å få framlagt for seg resultatet av desse forhandlingar stod det i vedtaket "i alle tilfelle innen utgangen av inneværende stortingssesjon". Men pålegg til Regjeringa gikk ut på at forhandlingane skulde bli opptekne "snarest mulig etter at traktaten er ratifisert i begge land". Og no er ulukka den at Portugal enda ikkje har ratifisert avtala. Avtala kom mellombils i kraft frå sjølve den dagen ho vart underskriven, så for så vidt er det ingen fare; alt det som står i ho, blir gjenomført. Men nett fordi ho ikkje er ratifisert, kan vi ikkje bruke den 6-månadsfristen til å seie ho opp som ho sjølv føreskriv. Skulde vi i denne stunda seie til Portugal: vi ynsker å få avtala brigda, vi vil ikkje lenger ha denne plikt-innførsla for portvin og madera, så kunde Portugal svara: ja vel, så set vi med ein gong heile avtala ut or kraft. Og så stod vi der uta anna avtale enn den vi hadde frå 1931, og presidenten veit kor lite Portugal har vyrdt dei beste-vilkår-fyresegne som der er gjevne. Vi vilde da stå enda verre i dei nye forhandlingane enn vi stod i fjar, vi vilde inga tid ha til å områ oss på, vi vilde bli persa til å ta dei portugisiske vilkåra, så sant vi ikkje vilde prisgje både kleppfiskutførsla og skipsfarta vår. Vi lyt vedgå at portugisane har vore mykje lurare enn vi. Så vidt eg kan sjå er det ingen her i Noreg som har tenkt seg at vi skulde kome i klemma på den måten; elles måtte det ha kome krav om å sette inn i avtala ein frest for sjølve ratifikasjonen. No er det ingen slik frest sett, og alt det vi masar på ratifikasjon i Portugal, så har det enda ikkje hjelpt. Det var regjeringsskifte der i mars, og den nye utariksministeren skuldar på at han har så lita tid. Sjølvsgart er det da mogleg at vi her berre har med vanleg sommel å gjere. Men eg må vedgå at denne gongen ser det ut som det er plan i somle. Og i alle tilfelle har Portugal på den måten fått eit tak på oss som det ikkje er så lett for oss å sleppe ifrå. Sendemannen vår i Lisboa strevar idag med å få den siste avtala ratifisert, så vi kan få sleppe til med nye forhandlingar. Men som det no står er vi nokolunde maktlause. Eg arbeider med å samle fullstendige opplysningar om kva det vilde koste oss om den nye avtala rauk på dagen. Og eg førebuer dei nye forhandlingane så godt eg kan. Men det er dess verre eit faktum at vi har vore enda uheppnare med den siste Portugalsavtala enn vi sjølv visste om.

Dessuta har det gått mindre bra med kleppfisk-utførsla vår til Portugal i den tida avtala har stått ved lag. Vi skulde etter den ha rett til å innføre i Portugal minst 40 pst. av den kleppfiskens som kom dit frå utlandet, og utførsla vår dit var i 1934 vel 12 000 tonn, - i åra før hadde ho vore mykje høgare, heilt opp i 20 000 tonn. Men i 1935 har vi enda ikkje fått sendt til Portugal meir enn 3 1/4 tusen tonn, og om vi - som vi kanskje rettast bør - reknar traktatåre frå 4/9 i fjar til s.d. i år, så blir heile kleppfiskutførsla vår til no ikkje meir enn 6 1/4 tusen tonn. Sea Lofotfiske har gått så skralt i år, må vi da rekne med at utførsla vår for heile traktatåre ikkje kan kome høgare opp enn til ei 10

000 tonn, når 40 pst. av den portugisiske kleppfiskinnførsla venteleg skulde ha gjeve oss omlag 15 000 tonn. Når det gjeld kleppfisken, har vi såleis slett ikkje fått den vinningen av traktaten som vi hadde rekna med. I staden for 40 % får vi berre 25 %. Den portugisiske regjeringa har sagt ifrå i ein note den 22 april at ho er heilt uskyldig i at det har gått så ille for oss. Førebiels har Utariksdepartemente ikkje svara anna enn at det vil kome tilbake til dette spørsmåle sea. Men sanninga er nok at det på portugisisk side vart vist ikkje så lite vrangvilje mot den norske kleppfiskinnførsla siste haust, og importørane gav til grunn at det hadde kome ein last med kleppfisk frå Noreg som var utskjemt av mid. Dette siste var dess verre sant; men det vart utnytta av portugisane mykje meir enn rett skulde vore, og den sanne grunnen var nok at dei fekk kjøpt kleppfisk frå Island til mykje lågare prisar. Endelykta ser det ut til å bli at vi må drikke portvin til overmål og likevel ikkje får selt så mykje fisk som vi hadde venta.

Med vinkjøpe frå Portugal står det no slik, at vi i heile åre 1934 innførte 2 028 000 liter, såleis ein god mon mindre enn i 1933. Innførsla viser nedgang for kvart einaste år etter 1929, og skulde kontingensten ha vore rekna etter jamnadstale for dei fem siste åra til og med 1934, så skulde han ikkje ha kome opp i meir enn 2 1/2 mill. liter, mea han no er sett til 2 890 000 l. Reknar vi traktatåre frå 4/9 1934, så er det til no kjøpt eller tinga isaman så mykje som 2 460 000 l., og vi lyt enda kjøpe 430 000 l. om vi skal fylle kontingensten.

Portugalsavtala har dess verre hatt ein uheppen verknad på dei forhandlingane vi no står midt oppi med Spania. For den spanske regjeringa har no òg - såleis som vi nokk måtte vente oss - reist krav på ein fast heitvinskontingent for Noreg, 1 mill. liter. Vi har svart nei til dette krave, vi kan da ikkje reint drukne i heitvin heller. Men det er vanskeleg for oss å gje avslag på prinsippgrunnar så lenge avtala med Portugal står ved lag og vi ikkje har kunna reise krav på å få ho omgjort.

Vi må elles seie at om forhandlingane med Spania har gått noko seint, så møter vi der i det heile godvilje og forståing. Det kunde vi no òg ha rett til å vente oss, for vi har i mange år, heilt fram til 1933, hatt innførselsoverskot derifrå. Det som det no gjeld om for oss, det er å få fastsett kvoten for kleppfiskutførsla vår til Spania. Vi fekk for 1934 ein kvote på 13 000 tonn, og det var mykje meir enn vi hadde selt dit på mange år, - Island hadde i stor mon trengt oss ut på denne marknaden. Vi greidde no ikkje å fylle heile kvoten, og såleis som det har gått med Lofotfiske i år, er det ikkje lett å krevje så stor ein kvote på nytt. Vi bad i fjar om 20 000 tonn, og vi har bede om det i år òg. Men det kan nok hende vi burde være velnögde med mykje mindre, om vi da ikkje hadde den vågnaden at så skulde vi bli ståande med den låge kvoten eit anna år når fiske var godt. Attåt har vi kravd minste-kvoter for cellulose, kvalolje og ost, - 8 000 tonn cellulose, 1 000 tonn kvalolje, 50 tonn ost, alt i hop meir enn vi før har utført til Spania.

Spania på si sida har kravd ikkje berre den nemnde heitvinskontingensten på 1 mill. liter, men vil dessuta ha oss til å kjøpe 35 000 tonn salt, 4 000 tonn kaligjødning og 200 tonn ris, og det har regjeringa sagt seg viljug til å gå med på, - vi har trygd for at importørane kan ta så mykje av desse varene frå Spania. Men vi vil ikkje gå med på at dei private vinimportørane skal få serskilde føremoner når det gjeld den spanske vinen, og vi finn

ingen serskild grunn til å ta bort den vesle tollen som no er på appelsinar og druver. Alt det som gjeld vinen er vel det vandaste i forhandlinga, og det er mogleg at vi slapp best ifrå det om vi sette ned krava våre på fisk-kontingenten. Vonleg varer det ikkje altfor lenge før vi kjem til endes med desse forhandlingane.

I Italia torer vi vel seie at vi no står straks framføre ei endeleg avtale. Vi har hatt forhandlingar der nede alt ifrå i fjar sumar. Men spørsmåle om handelen vår med det landet kom på eit kritisk punkt den 16 februar i år, da den italienske regjeringa sette lisens og kvoter for så godt som alle innførselsvarer, - for norske varer vart det for turrfisk og kleppfisk 20 pst., for ferskfisk 15 pst., for hermetikk 10 pst., for tran 25 pst., for nikkel 25 pst., for tremasse 25 pst. og for cellulose 35 pst. Det var eit hardt slag for utførsla vår til Italia, og regjeringa freista få ein lette i desse strenge vilkåra. Vi måtte til slutt sende ein serskild delegasjon til Roma, og den kom da i gang med forhandlingar den 5 mai.

Etter det eg kan skjønne var det to ting som serleg hadde drive Italia til den nye handelspolitikken som fekk form i dekrete frå 16 februar. Det eine var at det vart trongt om valuta i lande, såleis at det beint fram kunde bli fare for den italienske lira om ikkje varekjøpe frå utlande i nokon mon vart stogga. Og det andre var det sterke ynske om å få auka utførsla, - det vilde da òg på si side hjelpe opp lira.

I forhandlingane i Roma desse sju vikene har da dei italienske representantane frå fyrste stund gjort det klart at dei inga avtale vilde gjere uta på det vilkåre at varebytte mellom Noreg og Italia skulde være likt mot likt, og for dette formåle vilde dei da ha ein clearing-skipnad. Vi her heime visste godt på førehand at dette var det italienske standpunkte, og delegasjonen vår spilte inga tid med ein fåfengt strid om sjølve clearing-prinsippe. Vi freista på å få somme viktige varer undatakne frå sjølve clearinga, og som eg straks skal nemna, er det visst at Italia kjem til å kjøpe somme ting utafor clearinga. Men avtala kjem elles til å bygge på clearing-skipnad.

Delegasjonen hadde fått med seg særlege hjelpesmenner frå næringslive som representererte dei største utførselsvarene våre til Italia, - fisk og fiskprodukt på den eine sida, cellulose på den andre. Særskilt galtd det om å få så høg ein kvote som mogleg for turrfisken vår; for den har frå gamal tid den viktigaste marknaden sin i Italia, og den representerer dessuta den største arbeidsstokken av alle utførselsvarene. Likevel måtte vi være litegran vare med å drive kvotene altfor høgt opp; for det kunde bli vanskeleg å få kjøpt varer frå Italia i same mengda, og da vart berre betalinga for utførsla liggande fastfrosen i clearinga. Endskapen vart at vi fekk ein kvote på 70 pst. for turrfisken, rekna etter innførsla i 1934. Så vart det sett ein kvote på 70 pst. for cellulosen, - det var helst etter krav frå italianane, for dei har bruk for vår cellulose til sin eigen kunstsilkefabrikasjon, og i røynda har dei sagt at dei vil kjøpe 100 pst. cellulose, men dei 30 pst. går da utanom clearinga. Til vederlag fekk så vi ein kvote på 65 pst. for han. Men for alle dei andre varene vart kvoten sett til 55 pst. Vi kunde vel kanskje ha fått denne kvoten sett litegran høgare; men vi var redd at vi ikkje kunde greie å få innførsla frå Italia likså høgt opp, og da vart det ingen reell vinning for eksportørane våre.

Omfram desse varene på prosent-kvote er det somme varer som er sett på fast kvote, og der må eg særskilt nemne ferskfisken, det vil da i hovudsaka seie håbranden som vestlendingane tok til å sende til Italia i 1932. Delegasjonen vår, som hadde med seg ein særleg representant for ferskfisk- utførsla, stridde ein hard strid for å få halde ho oppe på ei høgd som ikkje gikk altfor langt ned under det ho var arbeidd opp til i dei siste par åra. Men italianane avviste alle slike ynske. Dei vilde frå fyrsten ikkje la oss få sleppe inn med eit einaste kilo håbrand; for dei reknar den for ein medtevlar til deira eigen turrfisk, og dei sa det kunde være meir enn nokk med dei 70 pst. turrfisk dei tok ifrå Noreg, - det var ikkje mat dei trong til, men råemne for sin eigen produksjon. Delegasjonen vår måtte beint fram truge med at han vilde bryte heile forhandlinga om ikkje ferskfisken fekk rom i utførsla vår, og Italia gikk da til slutt med på å sette ein kvote på 400 tonn, omlag 90 pst. av innførsla i 1932. Når ein veit at innførsla i 1934 hadde kome eit godt stykke opp over 2 000 tonn, så skjønner ein kor vondt dette må svi for mange fiskarar på Vestlandet, og vi må freiste ta opp dette spørsmåle på nytt til næste år. Førebils vart det ikkje råd å kome lenger.

Eg skal ikkje gå nærrare inn på lisensskipnaden i det einskilde. Han kjem til å bli omlaga på italiensk side i den nærmaste framtida, så han skal kunne bli noko meir tøyelig enn han er just no. Clearingskipnaden er enda ikkje avtala i det einskilde, men det er semje mellom partane i hovudpunktene og i dei aller fleste småpunktene. Og da skulde heile avtala kunne bli underskriven i dei nærmaste dagane, kanskje alt idag.

Vanskar av nokolunde same slage, men i ei anna form har vi hatt for handelen vår med Brasil. Det er valuta som det der og er knapt med, og den brasilske regjeringa sperra i fjar valuta-utførsla så sterkt så norsk kreditt der i lande fraus fast etter kvart for meir enn 2 mill. kroner. Fylgja var at eksportørane våre torte mindre og mindre selje til Brasil, og utførsla vår dit var da minka, - kleppfiskutførsla frå 4 mill. tonn i 1933 til 3,2 mill. tonn i 1934, papirutførsla frå 1 1/2 mill. kr. i 1933 til 930 000 kr. i 1934.

Vi har forhandla og forhandla om å få skikk på tilstande, og i januar sendte vi ein særskild mann til Rio til hjelp for legasjonen. Men først i det aller siste har det lykkas å kome i alvorleg dryfting om sakene med den brasilske regjeringa. Vi har no i denne månaden bode oss til å kjøpe så mykje kaffe utover den vanlege innførsla vår, så det kunde likne ut dei fastfrosne summane vi har ståande der nede. Og dette er vel den einaste måten vi kan nytte til å få ei løysing. Det er mogleg for oss å love dette; for vi kan flytte mykje av kaffekjøpe vårt over ifrå andre stader, særleg Salvador, til Brasil. Men eg vil ikkje la være å nemne at slik ei overføring kan kome til å hindre den handels-utvidinga som vi elles kanskje kunde ha von om å nå i Salvador. Utførsla vår til Brasil, særleg av kleppfisk, er likevel så viktig så vi må nok heller offre nokre framtidsvoner for den.

Ein hard støyt har handelen vår fått i år på Cuba. Der vart det frå 29 mars gjennomført ein tollskipnad som sette tollen høg eller låg etter som det lande varene kom ifrå hadde kjøpt varer ifrå Cuba. Dei landa som hadde ei innførsel frå Cuba på minst 50 pst. av det dei utførte dit, skulde sleppe med den lågaste tollen. Men tollen vart dobbel så høg, om innførsla derifrå var mindre enn 25 pst. av utførsla dit. Og til desse siste landa hører Noreg. Etter

cubansk statistikk kjøper vi der berre for 3-4 pst. av det vi sel dit.

Kleppfiskens er den største utførselsvara vår til Cuba. Tiandeparten av all kleppfiskens vår går dit, og Cuba er den fjorde-største marknaden vår for denne vara; berre Spania, Portugal og Brasil går føre. Elles sel vi røykesild, papir og tran dit.

No har den cubanske regjeringa førebils for eit halvt år sett kleppfiskens i hop med somme andre næringsvarer på ei liste som likevel fær berre minste-tollen. Men dette gjeld ikkje lenger enn til den 2 oktober, og frå den tid må vi være budde på at kleppfiskens vår må legge så høg ein toll så han ikkje kan tevla med fisk ifrå andre land, nærmast Newfoundland.

I røynda kjøper vi mykje meir ifrå Cuba enn det ser ut etter handelsstatistikken. For vi fær mykje cubansk sukker over England, dit råsukkere går og blir raffinert før det kjem til oss. Men skal vi få Cuba til å gje oss vederlag for denne omvegjes utførsla, så må sukkere i det minste bli kjøpt i norsk namn før det går til England til raffinering. Eller så må vi føre det beint heim til Noreg og raffinere det her. Dette siste låt seg i det minste ikkje gjennomføre no med det same, og eg vil da vone at den andre skipnaden kan bli sett i verk for dette året. Det er ikkje så mykje sukker vi treng ta ifrå Cuba til å kome opp over 50 pst. av utførsla vår dit, - ikkje meir enn ei 7 000 tonn. Det er ikkje meir enn femteparten av det som no kjem til oss over England, - visselig frå fleire land enn berre frå Cuba, men såleis at det ikkje skulde være nokon vanske med å love Cuba å auka innførsla vår derifrå rett monaleg. Danmark og Tyskland har alt gjort slike avtaler med Cuba, og eg vonar vi snart kan få ei vi og.

Dei tariff-forhandlingane vi skulde ført med dei Foreinte Statane i Amerika, har lenge stått stilt for di vi har arbeidd med å få løyst ei einskild sak som vi mente burde bli avgjort på førehånd. Det er den forbruksskatten på kvalolje som den amerikanske kongressen sette fast i fjer. Tollen på kvalolje er f 3,10 pr. tonn; men forbruksskatten er på heile f 13,10, så avgiftene på denne vara går opp i f 17 pr. tonn. Når no marknadsprisen på kvalolje har lege imellom f 10 og 15, så er det klart at slikt eit skattetillegg stenger olja heilt ute ifrå Amerika. Vi har halde fram for den amerikanske regjeringa at forbruksskatten på kvalolja er i strid med handelstraktaten vår med Amerika frå 1928, for di han ikkje er pålagt innalands varer av same slage. Og vi har den gleda at det amerikanske Utariksdepartementet er einig med oss. Men gleda er ikkje svært stor, så departemente ikkje til no har kunna få Finansdepartemente eller Kongressen med på meiningsa si. Det ligg no framlegg føre i Kongressen om å avlyse den særskilde kvaloljeskatten, og vi lyt vone det fører fram.

I mellomtida har andre land forhandla med Amerika om tolltariffen, og i mai fekk Sverige si tariffavtale i stand. I kraft av beste-vilkårs-artikelen skulde Noreg kome til å nyte godt av dei vinningane Sverige har fått i denne avtala; det gjeld bl.a. tollfridom (som før) for sulfitt, og tollnedslag for fyristikker, pakkpapir og skin. Men vonleg kan vi snart få kome i gang med våre eigne forhandlingar.

Tilhøve til Japan har vore framme for Stortinget i samanheng med spørsmåle om innførselsregulering eller tollauke for gummiskoty og fajansevarer.

Japan fører på alle kantar ein strid for

utførselshandelen sin, men synes elles særleg ha tankane sine vendt mot dei landa som har hørt eller hører inn under det store britiske samvelde.

Det har såleis lykkas for Japan å trenge britiske tekstilvarer til sides i Egypt: der kom før 70 % av desse varene frå England, berre 4 % frå Japan, no kjem 70 % frå Japan, berre 20 % frå England.

Nett no fører Japan striden sin hardast imot Canada. Der i Canada har statsmaktene freista sette stenge for dumping av billige japanske varer, særleg tekstil- og gummivarar; til vederlag har Japan tinga med å skjere ned innførsla frå Canada med halvparten. Det er eit ålvorleg tingsmål, og det er eit viktig spørsmål i både landa.

Noreg nyt på ein måte godt av denne striden, for Japan kan ikkje så lett i det minste drive like hardt på bære frontane på ein gong. Vi har ein viktig innførselsvare som er den same som frå Canada til Japan, det er silkecellulose. Vår utførsel av den til Japan har lide noko så lenge innførselsreguleringa stod på og vi samstundes tinga med tollauke. Regjeringa fekk den 4 mars i år fullmakt til å ta bort importreguleringa; men den tollauken som Stortinget vilde sette i staden, var så stor, så vi vilde kome opp i nett dei same vanskane likevel, og vi har difor drygt med å gjera dette skifte. Om no Stortinget vil halde seg til den mindre tollauken som Regjeringa har gjort framlegg om og som finans- og tollkomiteen rår til å ta, - ein tollauke som samstundes skulde gje vern nokk til den norske industrien, så vonar eg at det skal bli betre vilkår for den norske silkecellulosen i Japan, til gagn for ei stor norsk arbeidsdrift.

Eg kjem no til dei statane som ligg oss nærast, - sjølve grannelanda våre, Danmark, Finnland og Sverige. Med dem har vi Oslo-konvensjonen frå 1930, og i det store og heile har alt gått lett og venskapleg med dem. Statsminister MoWinckel, som sjølv hadde fått Oslo-konvensjonen i stand, gjorde i desember i fjar opptake til å få han utvida, såleis at det som der var fastsett om opplysningar om allslags brigde i tolltariffen, skulde kome til å gjelde dessuta om andre ting som kunde ha innverknad på handelssamkvemme, slikt som innførselsregulering, valuta-avgrensing o.dl. Finnland og Sverige var straks viljuge til å gå med på slik ei utviding; men Belgia og Nederland som likeeins er med i Oslo-konvensjonen, var lite huga på ho, og den danske utariksministeren sa at tanken vilde møte mykje motstand i Danmark. Eg gav difor no den 11 juni instruks til legasjonane våre om å seie frå, at vi gav opp framleggje. Men med både Danmark og Sverige har vi munnlige avtaler om at vi skal gje kvarandre greie på alle slike vedtak for handelssamkvemme som kan ha interesse for den andre parten. Eg torer gå ut ifrå at finnland vil være med på det same.

Med Danmark har vi elles hatt særskilde forhandlingar med tilføre av den valutaskipnaden som der vart sett opp i 1932. Det er nok utvilsamt at Danmark har ymse vanskar med valutaen sin, og det har mått avgrense innførsla si på ymse kantar. Dette har gått ut over Noreg og, med nedgang for den norske utførsla, særleg slike varer som fiskehermetikk, feitt o.a., og det har kome mange klager til Utariksdepartemente frå norske eksportørar, bl.a. for di det ikkje lenger vart mogleg å få rom for nye varer. I desember i fjar vart det difor forhandla om ei kontingent-avtale for visse varer; men det lykkas ikkje å nå til ei semje. No i mai sendte vi ein særskild delegasjon til Kjøbenhavn; men førebils førte ikkje det

heller til nokon ting. Det er likevel tanken å halde fram med desse forhandlingane.

Eg vil ikkje dølgje for at danskane på si side har visse klagemål imot oss. Dei likar ikkje at vi har sett slike stenge for dansk agentur-verksemd i handelen på Noreg, og særleg klagar dei på at vi hemmer innførsla med amerikanske bilar som blir gjort ferdige i Danmark. I denne siste klaga har dei elles fått stønad frå den amerikanske legasjonen i Oslo; men etter det eg har kunna finne, skulde det ikkje være nokon særleg grunn til klage frå amerikansk side.

Med Sverige veit Stortinge alt frå før at vi har hatt ein vanske i spørsmåle om innførselsløyve for norskefiska lange. Eg må minne om det eg sa i Stortinge da saka var framme har den 3 juni, at den svenske regjeringa ikkje formelt har brote den avtala vi hadde med ho frå 1933. For etter den batt ho seg berre til å gje innførselsløyve for 40 pst. av norsk lange til dei som på førehand hadde kjøpt norskefiska lange, og etter dei svenske fiskarane sjølv hadde teke under seg heile forsyninga med lange for Sverige, så var det ingen andre lenger der som kunde kjøpe opp lange til innførsel enn nett desse fiskarane. Det er ikkje vanskeleg for oss å skjonne at dei svenske fiskarane ikkje hadde hug på å kjøpe av dei norske fiskarane, i sær når dei dessuta sjølv var nøydde til å rasjonere fiske seg imellom. Og den svenske regjeringa kom da i den vanskelige stillinga at ho i tilfelle måtte gje innførselsløyve til importørar som tevla med desse fiskarane i sitt eige land. Dette kunde ho visselig ha gjort, og om så den norske innførsla naturlig måtte minke noko, så hadde det da vore mogleg å la dei norske fiskarane framleis få ein part av det svenske langekjøpe. I staden vart den norske lange- innførsla, som før hadde kome opp i 800-1300 tonn, nedsett i 1934 til 150 tonn, og i år, 1935, har det enda ikkje vore gjeve innførselsløyve til meir enn dei 50 tonn norskefiska lange som eg kunde opplyse om den 3 juni. Vi har gjort mange føreteljingar hos den svenske regjeringa, men til no har dei være fåfengde, og no er sesongen for dette langefiske til bruk for spillange på det allernæraste slutt, så det vilde være lita hjelp i noko innførselsløyve no. Men vi blir da på vår side nøydde til å ta opp til dryfting om vi skal halde oppe den letten vi har gjeve for svenske fiskarar til å selje fisk og reke og hummar i Noreg.

Det er unektelig at det nordiske samarbeide knukar i somme punkt. Det er så at dei andre landa ikkje alltid er nøgde med oss heller, og det syner seg her som elles at kvart land vil og må fyrst og fremst tenke på seg sjølv og sine eigne interesser, - det er vi og nøydde til, kor gjerne vi så elles vil samarbeide.

Det lande som det i handelsspørsmål i denne tida har vore minst vanskar med, det er Storbritannia. Den engelske regjeringa har gjort eit par føreteljingar hos oss om somme tollpålegg, det er alt som har kome frå den side på denne område. Og vi har gjort føreteljingar i England mot det forbode som vart sett opp i fjar mot å føre inn fisk i sommarmånadene frå have austfor Nordkapp. Det britiske fiskestyre sa at dette forbode hadde til formål å halde ring fiskevare ute frå den engelske marknaden, og vi baud oss da til å avgrense innførsla frå Austhave til beste slag fisk, kveite og flyndre. Det britiske fiskestyre var viljukt til å godta dette tilbode. Men så kom trålarselskapa og protesterte, og forbode vart da likevel sett opp i år og. Eg meinte det var best for oss å halde oppe for oss alle lovelige rettar, og eg har difor late sendemannen

vår i London gje fråsegn om at vi held dette innførselsforbode for å være i strid både med den ålmenne handelstraktaten vår med England (beste-vilkårs- artikelen) og med den særskilde avtala frå 1933.

Det som vi elles har hatt med England å forhandle om, det er trålarsaker ovafrå Nordhave. Men den norsk-britiske nemnda som kom i stand i fjar, har greidd å forlike dei fleste av desse sakene, så det er i grunnen svært lite av stridsspørsmål som har kome føre i den siste tida.

Med Sovjet-Samveldet har vi gåande eit par små tvistemål som vedkjem den retten norske privatfolk kan ha til å gjere utlegg i russisk statseigedom til trygd for rettskrav dei måtte ha. Reint rettlig kan spørsmåle være noko tvilsamt. Hovudsaka er etter mitt skjønn at dei russiske myndighetene er viljuge til å ta dom for norsk rett i slike saker, og det har dei sagt seg viljuge til. Dei har aldri nekta å oppfylle domar som har gått dem imot.

Dermed har eg gjort greie for dei økonomiske spørsmåla som i denne tida ligg føre for Utariksdepartementet. Vi ser at vi må føre ein stendig strid på mange frontar, og vi blir persa på nær-sagt alle kantar. Det er ikkje lett i slik ein strid å halde oppe noko fast prinsipp; vi er ikkje så sterke at vi alltid kan gjennomføre alt det vi sjølv likar best. Men eg trur nok det kunde være nyttig å få sett opp ein fastare plan for heile handelspolitikken vår, - ein plan som bl.a. freista stake opp framgangsliner for den handelsutvidinga som vi må arbeide for. Det vi taper på ein kant, det må vi vinne att på ein annan. Og i så måte reknar eg med den løyvinga Handelsdepartementet har fått til rådvelde til å fremme fiskutførsla vår. Eg trur at det nye traktatkontore i Utariksdepartementet som Stortinget gav løye til no om fredagen, kan gjere mykje nytte til å planlegge heile handelspolitikken.

Eg kan ikkje nekte for at eg somtid tykkjer det går noko tungvint med dei handelspolitiske forhandlingane våre for di dei jamt skal gå igjenom to eller tre departement, og vi har dessuta særskilde institusjonar som og må bli spurde til råds. Det er rett og naturlig at alle desse viktige spørsmåla blir grundig og allsidig dryft. Men det er nok mogleg at vi kunde finne meir praktiske samarbeidsformer, så spørsmåla kunde bli avgjort noko fortare og lettare. For min part vil eg legge vinn på få dette til.

Presidenten: I forbindelse med utenriksministerens redegjørelse vil presidenten referere:

Sak nr. 2.

Innstilling fra utenriks- og konstitusjonskomiteen angående stats- og utenriksminister Joh. Ludw. Mowinckels redegjørelse for utenrikske forhold (Innst. S. R.).

Anderssen-Rysst: Det er grunn til å uttale tilfredshet over at den ærede utenriksminister kom med en orientering om de utenrikske spørsmål som har vært under behandling siden saken var oppe sist i Stortinget, før Stortinget slutter. De spørsmål som har vært omhandlet her, var også i stor utstrekning omhandlet i den redegjørelse som tidligere stats- og utenriksminister Mowinckel avgav her i januar, og vi ser at spørsmålene til dels er kommet inn i et spor - jeg tenker nu i første rekke på Portugalavtalen - som vi i grunnen ikke hadde regnet med. Utenrikskomiteen var nok

opmerksom på bestemmelsene om ratifikasjon, og at situasjonen kunde arte sig anderledes i Portugal enn vi her gikk ut fra. Det kunde være ekstraordinære forhold som gjorde at spørsmålet om ratifikasjon kunde komme til å dra noe ut. Men jeg tror ingen ventet eller formodet at det skulle trekke så lenge ut som tilfellet nu er. Jeg forstod den ærede utenriksminister derhen, at han mente det var en viss tendens i denne holdning fra Portugals side. Jeg tror den ærede utenriksminister har rett i at de forventninger som man stiller til klippfiskeksporten på grunnlag av den siste avtale, i noen grad har sviktet. De vanskeligheter man hadde ifjor høst, og som dengang blev løst, de har i grunnen gitt uttrykk for en vrienhet, eller en viss motvilje kan man vel kanskje også kalle det, fra myndighetenes side dernede mot å beskjeftige sig med denne side av saken. Det har vært visse vanskeligheter med eksporten, refererende sig til prisspørsmålet, som vi ikke kan se bort fra er til stede fremdeles. Portugal føler det nok så at det er overlegen i dette forhold, det tror jeg man må si, og derfor kan det være grunn til, mener jeg for mitt vedkommende, og jeg har også fremholdt det i Stortinget tidligere, at vi benytter enhver anledning til å komme lengst mulig med hensyn til kontingensten for Spanias vedkommende. Spania har i forholdet til oss vært adskillig mere velvillig innstillet enn Portugal; det viste sig ifjor da forhandlingene om avtale foregikk, og det gleder mig å høre - jeg forstod den ærede utenriksminister slik - at Spania også i år viser sig velvillig i dette forhold, og da tror jeg det er riktig norsk politikk, jeg vil få lov til å uttale det, å søke å komme lengst mulig i forholdet til Spania, for å sikre disse vitale eksportinteresser for fiskeriene og for at vi kan stå sterkere i forholdet til Portugal, om situasjonen skulle tilspisse sig, hvad jeg ikke håper. Jeg håper tvertom at forholdet må utvikle sig slik at vi kan komme i et rimelig og godt forhold til Portugal, og at traktaten kan bli det dokument som vi bygger den fremtidige handelsforbindelse på, med de modifikasjoner som Stortinget og komiteen i sin tid gav uttrykk for.

Nettop denne situasjon på Den pyreneiske halvø, som jo er det vitale punkt for hele vår klippfiskeeksport - og for så vidt også for hvad man, som jeg før har sagt fra denne talerstol, kan kalte fiskeriene lønnsomhetslinje - nettop denne situasjon på Den pyreneiske halvø opfordrer i sterk grad til å anstrengte sig for å komme til en ordning også med Brasil, som den ærede utenriksminister var inne på. Og det samme gjelder Kuba. Jeg forstod den ærede utenriksminister så at det nu var utsikter til en gunstig løsning i forholdet til Brasil, at de forhandlinger som man i lengere tid har interessert sig for, men som har stått i stampe, nu synes å kunne føre til en positiv løsning, som, såvidt jeg forstod ham, også måtte sies å være gunstig for Norge. Under de forhold som foreligger like overfor Portugal, er det nødvendig, tror jeg, å være opmerksom på at man her kan få visse støttepunkter for norsk politikk som det er av meget stor betydning å ha. Det samme gjelder Kuba. Jeg skulle ha interesse av å komme nærmere inn på det spørsmål, men jeg skal ikke gjøre det nu, Stortings dagsorden for dette møte er stor, og jeg vil forsøke å fatte mig i korthet. Men jeg tror også at det overfor Kuba er høve til å føre en norsk politikk som kan bringe gunstige resultater for vår klippfiskeeksport dit, som ikke er betydningsløs, men som tvertom må sies å være ganske betydelig i forhold til hvad den er til forskjellige andre land. Det gledet mig

at utenriksministeren også var opmerksom på dette spørsmål, og at departementet vil arbeide videre med det.

Jeg vil derefter få si et par ord om det som den ærede utenriksminister uttalte om vår eksport av fisk til Sverige, hvor vi altså, som jeg tidligere har omtalt i Stortinget, har en separat avtale for et visst produkts vedkommende, fersklangen, som efter min mening er brutt fra svensk side, og hvor Sveriges holdning, Sveriges vrangvilje, må få visse virkninger for vårt forhold til denne avtale. Vi gav jo i den annen avtale, som tilknyttedes denne lange-avtalen, de svenska fiskere på våre kyster betydelige fordeler, og når det nu viser sig at den svenska regjering, etter at vår regjering - som den ærede utenriksminister sa - har gjort gjentagne henvendelser for å få den til å gi de norske fiskere de rimelige innrømmelser de hadde kontraktmessig krav på, stiller sig vrangvillig, så må også vi på vår side ta våre ydelser op til vurdering. Det er ikke noe å gjøre ved det. Den ærede utenriksminister har rett i at langefisket nå på det nærmeste er slutt - det varer en måneds tid enda - og jeg skulde for mitt vedkommende ha sett med tilfredshet at man fra norsk side hadde gjort en siste anstrengelse, før man gikk til å gjøre motvanskeltigheter, fordi Sverige i andre henseender jo har stor betydning for vår fiskeeksport. Men naturligvis - jeg er enig med utenriksministeren i at man ikke kan la dette passere, spesielt når man erindrer at de svenska kjøpere av norsk lange nu har inngått en avtale med de norske fiskere om et betydelig kjøp, hvor der nektes lisens. Og dog har disse svenska kjøpere erklært sig villige til å oppfylle alle forutsetninger for avtalens vedkommende like overfor Sverige. De vil kjøpe den lange av de svenska fiskere som avtalen forutsetter. Og allikevel, på tross av at der foreligger hel oppfyllelse av avtalen, stiller den svenska regjering sig vrangvillig. Det er et typisk døme på vrangvilje, og derfor er jeg helt enig med utenriksministeren i at det forhold ikke kan passere.

Jeg vil få lov til, mens jeg har ordet, å henlede den ærede utenriksministers opmerksamhet på et spørsmål vis a vis Sovjet-Russland, som oppfattes med stor interesse i norske fangst- og fiskerkretser. Det er spørsmålet om Kvitsjø- konsesjonen. Jeg vet ikke om den ærede utenriksminister har vært borte i det spørsmål tidligere; det har ialfall ikke vært nevnt her i Stortinget. Forholdet er at den konsesjon på selfangst i Kvitsjøen som Norge har i henhold til traktaten med Russland, i de siste år har vist sig å være nokså verdiløs, fordi selen holder sig lenger inne i Kvitsjø- munningen enn den har gjort tidligere. Stortinget vet at vi betaler store konsesjonsavgifter i forbindelse med denne avtale, vi yder hvert år Russland vår kontingent for å få drive denne selfangst; men særlig i år har fangsten vært helt mislykket, fordi selen holder sig lenger inne i munningen. Under disse omstendigheter har det i norske interesserte kretser vært under drøftelse hvad man skulde gjøre her, og det man er blitt stående ved, såvidt jeg har kunnet bringe i erfaring, er at man ønsker at der gjennem forhandlinger med Russland kunde foretas en utvidelse av grensen innover, slik at den blev mer tilfredsstillende for norske interesser og mere rimelig i forhold til den kontingent som vi yder for denne konsesjon. Jeg har tillatt mig å nevne dette spørsmål nu, fordi jeg vil henlede den ærede utenriksministers opmerksamhet på det og henstille at han om mulig søker å komme til

en mere tilfredsstillende ordning for de norske selfangstinteresser på dette området.

Presidenten: Presidenten vil nu foreslå at tiden for de talere som herefter tegner sig under behandlingen av denne sak, begrenses til inntil 2 minutter - og anser det for enstemmig bifalt.

Lykke: Det er mange ting av det som utenriksministeren nevnte som det kunde ha vært av interesse å komme inn på, men det skal jeg undlate, for jeg skjønner det kunde føre litt for vidt. Det var bare et spørsmål jeg gjerne ville rette til den ærede utenriksminister. Hvordan forholder det sig egentlig med den tyske bestemmelsen om begrensning av det beløp som turister får lov til å ta med sig ut fra Tyskland, når de reiser til Norge? Det er sagt mig at de får ta med sig betydelig større beløp, når de reiser til andre land, bl.a. Danmark, enn til Norge, hvor det nu er begrenset til 10 norske kroner; de får kjøpe billett i norske penger og får ta med sig 10 norske kroner hver. Følgen er at ingen kan komme hit, går jeg ut fra. Jeg tror å vite at der er ført underhandlinger om dette; men jeg vilde gjerne høre om utenriksministeren kan gi oss noen opplysning om det. Det har selvsagt den aller største betydning for turisttrafikken.

Alvestad: Det kunde være mange ting å komme inn på i den ærede utenriksministers redegjørelse; men heller ikke jeg skal komme nærmere inn på de forskjellige spørsmål. Men det var en opplysning som den ærede utenriksminister kom med når det gjaldt forhandlingene med Italia, som gjorde at jeg forlangte ordet. Såvidt jeg opfattet utenriksministeren, nevnte han at man blandt forhandlerne hadde en særskilt ferskfiskmann. Såvidt mig bekjent, er det ikke tilfellet. Der var hos ferskfiskeksportørene adskillig engstelse like overfor den delegasjon Regjeringen sendte til Italia, som skulle representere fiskerne, idet det kun var 2 utpregede tørrfiskeksportører som representerte hele fiskerinæringen. Det var hr. Kahrs fra Bergen og konsul Robertson fra Finnmark. Riktignok spiller tørrfisken og tørrfiskeksporten på Italia en stor rolle, men med det opsving som også ferskfiskeksporten har hatt i de siste år, særlig håbrandeksporten, burde ferskfiskinteressene ha vært bedre tilgodesett og bedre representert under forhandlingene, og jeg vil be den ærede utenriksminister og Utenriksdepartementet om at de, når man til neste år, såvidt jeg forstår, på ny skal opta forhandlinger med Italia angående håbrandeksporten, at der da sørges for å få med folk som kjenner denne næring, som arbeider i den næring, og som vil verne om ferskfiskinteressene i større grad enn de forhandlere vi hadde nu sist. Det som er det sorgelige ved denne avtale med Italia for ferskfiskens vedkommende, det er, at mens de andre varene og de andre kvoter er basert på eksporten i 1933, så er ferskfisken satt i en særstilling og er basert på eksporten i 1932, det ugunstigste år som Norge kunde få når det gjelder ferskfisk. Hvis man hadde hatt representanter med som hadde kunnet fremholde ferskfiskens interesse, tror jeg neppe at vi hadde fått et så negativt og nedslående resultat som det vi har fått når det gjelder ferskfiskeksporten på Italia. Jeg vil ha nevnt dette, for at man i fremtiden kan la norske utsendinger som blir sendt til Italia ha i sin midte også folk, som står ferskfiskeksportnæringen nær.

- Eller

den norske selfangst, og jeg håper der at Utenriksdepartementet ved forhandlinger med Sovjet-Samveldet vil komme til et for oss gunstig resultat.

